



**Hardangerfjord Brygge sitt byggeprosjekt på Eikelandet er lite salsfremjande slik det framstår i dag.  
Tomta er tilgrodd og fungerer meir som ein søppelplass med mykje skrot.**



Ei havarert snekke er godtsynleg og vi finn mykje knust glas på området.

Om knust glas vert kasta på sjøen, er det vanskeleg å få på land att. Tomta er open for allmenn ferdsle og plassen vert brukt av fiskarar.

Det er Rishes på Stord som eig tomta og skiltet ved riksvegen om at dette er eit salsprosjekt, verkar lite overtydande.

Nokre flyteelement, eigd av Uskedalen Brygge, ligg fortøygd ved kaien. Dei bør slepast bort frå område.

Det er heller ikkje ei god sak at tomta ligg i innseglinga til sentrum med Rabben feriesenter, Øyro Marina, Vertshus og kai/handel.

Slik vi ser det, er det eigar sitt ansvar å rydda og sikra tomta.  
Det er elles ei oppgåve for styret i Uskedalen Utvikling og sjå til at dette vert gjort.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal

